



David Hegna
Kyrhovden 40
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1042 - 18/8217

Saksbehandlar:
Ingrid Didriksen
ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:
24.05.2018

Gbnr 45/1/54 Manger - Manger barneskule - paviljong/modul - søknadar - svar på klage - nabovarsel

Viser til klage datert 15. mai 2018 som gjeldt paviljong for Manger skule.

Det søkjast om ein unntak frå reguleringsplanen. Dispensasjonssøknaden vart lagt ved nabovarsel.

Stien som går gjennom området vil verte omlagt og det vil framleis vere mogleg å gå gjennom området. Stien vil verte oppretthaldt gjennom heile den midlertidige perioden paviljongen vil stå.

Når det gjeld terrenginngrep vil tiltaket ikkje krevje sprenging. Tiltaket krev derimot masseforflytning. Dette vil sei at eit område på 15 x 25 meter vil verte avretta med sprengstein og komprimert. Terrenget vil tilbakeførast når paviljongen er fjerna. Det er planlagt å kople til vatn og avløp i kum på skuleplassen.

Når det gjeld trafikksituasjonen, skal denne vegen ikkje brukast som tilkomst til skulen og kommunen vil vere behjelpelig med skilting av vegen.

Tiltaket med etablering av paviljong er eit midlertidig tiltak som skal stå i 2 år. Planlegging av permanent løysing med tilbygg til Manger skule vil starte parallelt. Dette eit midlertidig tiltak som er meint å løyse eit akutt behov på skulen frå hausten av. Når det gjeld kommentar om at andre områder bør vurderast for å løyse problemet, ligg utfordringa i at det ikkje er plass til tiltaket i direkte nærleik til skulen andre stadar.

Når det gjeld kommentar om at tiltaket allereie er starta er dette ikkje tilfellet. Det som har vore gjort er ein vegetasjons rydding. Dette er gjort som eit sikringsarbeid. Grunnarbeid og plassering av paviljong vil ikkje starte før byggeløyve er gitt.

Om de framleis har spørsmål/kommentarar til tiltaket kan de ta kontakt på 56 34 90 57/ 56 34 90 51.

Med helsing

Ingrid Didriksen
Prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Einar Færø

Mottakarar:

David Hegna

Kyrhovden 40

5936

MANGER